

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5804 Bergen

Bergen 21. oktober 2015

E-post: postmottak@fiskeridir.no

Att: Fiskeridirektøren

VASSILD –GRUNNLAG FOR AUKA KVOTE, FLEXORDNING OG OM BIFANGST VED VASSILD-FISKE

Vassildkvoten nord for 62 grader nord bør aukast til 15 000 tonn. Dette er ein beskjeden bærekraftig auke. Det kan nemnast at det har blitt fiska over 20 000 tonn enkelte år, utan at dette har fått negative verknadar for bestanden.

Pelagisk Forening har tatt til orde for meir forskning på vassild (brev av 22.10.13 til reguleringsmøtet) men lite har skjedd. Utan konkrete forskingsresultat bør ikkje vera grunnlag for så låg kvote som 12 000 tonn.

Pelagisk Forening legg til grunn at det er 15-20 år sidan det er gjort forskningstokt av betydning, på vassildbestanden. Fiskarane observerer store mengder, og kvotane blir tatt på kort tid. Me meiner difor at det er fornuftig med nye forskningstokt. Eventuelt at fangstdata og fiskarane sine observasjonar blir systematisert og lagt til grunn ved fastsetting av kvotane.

For 2015 er det satt av 20 tonn til forskingsfangst. Pelagisk Forening er tilhengar av betre forskning, på vassild, men all den tid HI ikkje forskar på vassild bør det ikkje setjast av fisk til forskingsfangst. (Dette sagt, så ser Pelagisk Forening gjerne at eit av HI sine forskingsfarty blir nytta til forskingsfangst i sesongen, og det kan nemnast at det blir trekt forskingsavgift av fangstinntekt frå vassildfiske.) Elles kan forskingsdata innhentast utan avsetning, ved at forskarar blir med på fiskefarty under det ordinære fiske.

Før var kvantumet satt av til direktefiske til konsum nord for 62-graden. Dei seinare åra har det diverre blitt trekt frå eit kvantum, frå kvoten nord for 62-graden til bifangst sør for 62-graden, der alt går til oppmaling og forskingskvote. Denne avsetninga er ikkje naudsynt.

Tidlegare var totalkvoten for 62 graden og nordover, og kvoten har vore 12 000 tonn dei siste åra. No er kvoten for er NØS, nord og sør for 62-graden.

Tidlegare har òg industritrålfisket i Nordsjøen fiska vassild, som bifangst, sør for 62-graden. No blir dette belasta dei 12 000 t som før gjaldt nord for 62-graden, utan at dette gruppa

har tilførte ekstra kvantum til totalkvoten. Det rette er at industritrålbifangst kom med et kvantum tilført til totalkvoten etter samanslåing av kvoteområda nord og sør for 62-graden. Dette talar for å auka kvoten til minst 15 000 t.

Det har òg vore strukturering i seitrålggruppa, og det blir ikkje lengre tråla etter raudfisk på vassildfelta. Dette har medført at det blir fiska mindre med stormaska trål. Det bør gje grunnlag for kvoteauke. Dette fordi ved ovannemnte fiske blir vassild silt gjennom maskene, mister rist, og døyr, då vassild mistar rist svært lett. Ved reguleringane burde det vore tatt omsyn til at det no er mykje mindre vassild som døyr då tråling med stormaska trål er betydelig redusert.

Elles har det ikkje vore industritrålfiske på felta nord for 62-graden dei seinare åra. Dette bør føra til auka kvote, då det var ein del bifangst av vassild i dette fisket.

Fordi fisket av vassild har gått ned i andre fiskeri, blir det bede om ei kvoteauke på 3 000 t, til ein totalkvote på 15 000 t.

OMRÅDE FOR VASSILDFISKE

Elles er det ein trend at fleire artar blir observert lengre nord enn tidlegare. Det er ikkje tatt høgda for at dette òg kan gjelda bestanden av vassild. Den nordlege grensa, for fisket, er ei linja frå Myken fyr og i nordvest. Dette sjølv om fiskarar rapporterer at store deler av vassildbestanden er seg nord for denne grensa.

OM BIFANGST VED VASSILDFISKE

Me viser til møte hjå Fiskeridirektoratet 19.10.15. Temaet var bifangst ved vassildfiske, og mogelege tiltak for å redusera mengda bifangst. Mogelege tiltak blei òg diskutert.

Ein måte å redusera bifangsten på er å opna fisket 1. januar, og ikkje 16. februar som i dag. Dette fordi sild og hysa trekk sørover på gytevandring seinare på våren. I tillegg så er vassildfisket eit marginalt fiskeri, og mange farty tek kvoten sin på ein tur eller to. Dersom fisket blir opna tidlegare får fiskarane betre tid til vassildfisket, i høve til andre fiskeri. Det kan verka positivt på bifangstproblematikken.


Utøvningsforskrifta sitt område A og B, legger hinder på tråling langs Eggakanten frå 65 grader 20' nord og nordover til nordlig grense for vassildfiske, samt området frå Aktivneset til Tampen. Det er likevel lov å fiske vassild i desse områda med pelagisk trål frå 18. februar til 31. mai. Det er særdeles viktig at det blir lov å tråle i desse områda frå den datoen vassildfisket blir opna. Dette vil gje det lettare å bytta område dersom ein får mykje bifangst i eit område.

Like eins vil det vera gode tiltak om det blir innført fleks på fartynivå. Dette for at eventuelt fiske ut over kvote skal gå ut over det aktuelle farty, og ikkje heile gruppa.

Pelagisk Forening meiner at krav om sorteringsrist ikkje er hensiktsmessig. Dette fordi vassild toler lite tap av skjell før den døyr, og fordi rist vil vera lite effektivt all den tid vassilda har hovud på storleik med hysa sitt hovud.

Med helsing

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS


Ask Økland
Advokat